

## REFERAT

### FAU-møte, 1. November 2016 (referent, Ingmar Meland)

**Tid:** 18.00-19.40.

**Stad:** Fagerborg skole

**Møtt:** Gulim Murzakanova (8A), Ingmar Meland (8B), Heidi Schei Lillås (8C), Sonja Weiss (8D), Kristina Aarekol (8E), Ingrid Glad (9B), Eivind Haanes (9C), Marit Killi (9D), Anne Marie Groth (10A), Signe Bjørvik (10B), Berit Hogstad (10C).

**Ikkje møtt:** Gavin Bell (8F), Gaute Stensrud (9A)

#### 0. INNLEIING

Rektor Elin Brandsæter orienterte fyrst arbeidsutvalet om det som har skjedd på skulen etter haustferien, gjekk kort igjennom resultata frå nasjonale prøvar og la fram hovudtrekk ved kommunikasjonsstrategien til Fagerborg. Dinest tok den nye FAU-leiaren Eivind Haanes over ordet. Arbeidsutvalet diskuterte fyrst skulen sitt framlegg til kommunikasjonsstrategi, før møtet gjekk vidare etter den opphavlege saklista. Det vart gjort namneopprop og referatet frå førre møte vart godkjent. Dinest vart det vald representant til Skolemiljøutvalget (SMU). Til sist diskuterte ein moglege arbeidsgrupper, tema for dei og ulike måtar å organisere dei på.

#### 1. REKTOR ORIENTERER

- Resultata frå nasjonale prøver ligg føre
- Elevsamtalar har starta
- Internasjonal dag = elevinitiativ, rep for OD og Colombia som tema. Dette er også med på motivere elevane til å jobbe for OD.
- Stemninga mellom elevane ser ut til å vere god.
- Elevundersøkinga kjem om to veker - trivsel, fag, hvilke fag er det som er gode. Resultat i januar og der blir FAU.

#### 2. NASJONALE PRØVER

- Desse prøvane måler grunnleggjande dugleikar i rekning og lesing. Mat og helse, naturfag og samfunnsfag er integrert i prøvene.
- Politikken ved Fagerborg er å samanlikne med seg sjølv og lokalt, inn mot den ein skilde eleven.
- Det viktige er korleis ein brukar resultata etterpå, sa Brandsæter, der ein kan gå inn å hjelpe den ein skilde eleven der det trengs.
- Resultata rekning, norsk og engelsk ligg over landsgjennomsnittet og er stort sett som resultata for skulane i Oslo.
- Niandeklasse: Det er den same prøven som året før, i år gjennomført digitalt. Målinga viser markert framgang når det gjeld dei to høgaste nivåa.

#### 3. KOMMUNIKASJONSSTRATEGIEN PÅ SKULEN

- Det handlar om dei kommunikasjonskanalane som skulen brukar.
- Skulen har laga ein enkel plan for - spørsmål til FAU (sja ark frå Frode Hilleren, Informasjonsflyt,
  - *It's learning*, kva kan gjerast for å fleire foreldre tar denne plattformen i bruk?
  - Ved krisesituasjonar - skulen sender straks noko skjer SMS med melding om kva som skjer og kva som skal gjerast.
  - Skal vekeplanar og arbeidsplanen distribuerast via portalen eller via e-post, eller kanskje på heimesida til skulen? NB! Det kan vere elever som har hemmeleg adresse.

#### 4. REFERAT FRÅ DISKUSJONEN I ARBEIDSUTVALET

- Skal vekeplanen, sendas på e-post, leggjast på heimeside, etc.? Møtet var samde om at dei er fine, desse vekeplanane, informative og lette å lese, men at dei kanskje kan sendast ut litt før. Elles: Fint at skulen har sett opp den planen for kommunikasjon. Bra også at det er fokus på beredskap.
  - Ad informasjonsflyten: Semje om at den fungerer bra mellom oss og skolen.
  - Så: korleis har spørsmålet om *It's Learning* dukka opp? Er bruken vår registrert – veit skulen kven av foreldra som er aktive og kven som ikkje er aktive på *It's Learning*? Synes vi det er greitt? Kven har noko med det og kvifor? Er det for å aktivisere foreldra meir læringa? Vi vil be leiinga om å avklare dette. Spørsmålet er: Kva skal til for at vi foreldre skal bruke *It's Learning*? Svar: At den blir lettare å bruke, t.d. enklare måtar å logge inn på. Noko kan sikkert publiserast på heimesida.
  - Kan også menyen i kantina for heile veka leggjast på heimesida til skulen – t.d. legge lenke til menyen frå bydelen si side på skulen si. NB! Elevrådet har sett ned ein komité – to elevar har ansvar for å halde kontakt med kokken, så elevena er engasjert i dette!
  - **AD NAMNEOPPROP.** Mange av dei som har meldt forfall har ikkje gitt melding til vara. Dette bør ein etablere rutinar for.
  - **AD REFERAT** vart godkjent utan marknader: Merk: fleire person har ikkje fått det tilsendt.
5. **VAL TIL SMU:** Marit Killi representant for FAU. Ingmar Meland vart valt som vara til utvalet. Det handlar om psyko-sosialt miljø, mobbing og planar mot det. Det skal vere eitt møte i SMU før jul og to møter etter jul.

#### 6. AD ARBEIDSGRUPPER:

Det handlar om å hå komiteer for ulike saker. Gruppene oppstod med bakgrunn i spørsmål om det var folk i gruppa som hadde særskilde saker dei ville jobbe for. Møtet om nettsikkerhet er eit resultat. Læringscenteret blir det også arbeidd med. Ein person frå 8E har tatt ansvaret. Kva for grupper kan ein elles lage til? Forslag: Kanskje vi kan jobbe med eit tema i ein periode, jobbe intensivt med dette, mange saman, heller enn å jobbe i utval eller grupper?

*Gruppe for orientering frå politiet?* Rektor skal jobbe mot å få ein politikontakt. Det vi snakkar om er å få i stand eit møte kor lærarar og foreldre få informasjon om rus, vald (og kanskje også seksuelle overgrep?). FAU krev at skolen tar tak i dette og steller i stand eit slikt møte. Det finnes ferdige opplegg for dette. Er det mogleg å til dette før jul? Bydelen har også ein utekontakt.

*Læringscenteret* – det var semje om å halde på med dette fram mot jul, med å skaffe bøker, design-ting, aktiviteter (filosofikafé, t.d.), at det går an å leggje opp til at elevane gjer lekser der, at ein kan spørje lærarane kva som trengs og få ei ønskeliste frå dei? Gode oppslagsverk og gode ordbøker kan være aktuelt. Kanskje vi skal engasjere både foreldre og elevar i arbeidet også – kva synes foreldre og elevar manglar eller kva vil dei gjerne ha? Ein kan ta greie på kva elevane faktisk låner. Også Deichmanske på Majorstua er aktuelt å bruke. Eivind Haanes tar kontakt inn mot rektor om desse sakene og spørsmåla. Spørsmålet om leksehjelp kan han også ta med til leiinga. Kva med opningstider og rammeverk? Går det an å bruke læringscenteret som ein stad å ete matpakka si? Det er 71 fleire lever meir i år enn i fjor. Men: Løysingar på problemet med plassar i kantina er alt foreslått: *Anten* at 8. klasse et litt tidlegare, ved å flytte litt på storefri, *eller* at det blir opna fleire lokale. Forslaget er no å opne festsalen.

*Andre forslag:* Forslag om å jobbe inn mot bydelen; om å lage til sosiale samanhengar, lysfest, internasjonal dag, altså en slags fellesarena for å bli kjent med andre, kanskje ha ein arena berre for dei vaksne? Forslag: Korleis kan vi lage betre skulemiljø?

*Konklusjon:* Vi vil jobbe med læringscenteret, skulemiljø og politi, og inn mot bydelen.